

PREKVALIFISERING

Prosjektkonkurranse seniorbufellesskap

Hå kommune ynskjer å leggja til rette for seniorbufellesskap i kommunen, og har no to sentrale tomter på Nærbø og Varhaug for sal til utvikling av slike prosjekt.



Vinnarane av prosjektkonkurransen får opsjon på kjøp av eigedomane til fast pris, og til å utvikla desse i tråd med sitt konsept. Hå kommune ynskjer å inngå opsjonsavtale snarast mogleg etter at konkurransen er avslutta.

Prekvalifisering

Salet skjer gjennom ein prosjektkonkurranse med prekvalifisering. I prekvalifiseringa må interesserte aktørar dokumentera at dei oppfyller økonomiske og erfaringsmessige kvalifikasjonskrav, og kort skildra sine visjonar for utvikling av seniorbufellesskap.

Eigedomane skal seljast til tilbydarar som kan utvikla seniorbufellesskap i tråd med kommunen si forståing av omgrepet. Interesserte bør difor setja seg inn i formannskapssakene [77/24](#) og [18/25](#), då desse signaliserer kva kommunen etterspør.

Tomtene vert selde kvar for seg, og kan seljast til same eller ulike kjøparar. Ved søknad om prekvalifisering må aktørane informera om kva eigedomar dei er interesserte i. Utkast til konkurransegrunnlag er lagt ved til informasjon.

Krav til innhald

For å dokumentera naudsynt kompetanse, gjennomføringsevne og erfaring må interesserte aktørar senda inn følgjande dokumentasjon:

- **Forpliktingserklæring/oppdragsavtale** mellom utbyggjar og arkitektkontor.
- **CV for nøkkelpersonar** i prosjektet som syner relevant erfaring.
- **Referanse** frå minst to tilsvarande eller relevante bustadprosjekt.
- **Firmaattest** som dokumenterer at tilbydar er eit lovleg etablert føretak.
- **Skatteattest** utan restansar knytt til betaling av skatt og meirverdiavgift.
- **Dokumentasjon på soliditet og likviditet** i form av stadfesting frå bank, eller ved å oppgi kontaktperson i finansieringsinstitusjon.
- **Visjonsnotat** (ei A4 side) som skildrar konseptet.

Evaluering

Kommunen sitt forhandlingsutval, bestående av ordførar og varaordførar, vil på bakgrunn av den innsende dokumentasjonen velja ut inntil tre aktørar for kvar tomt som vert inviterte til å levera tilbod. Kommunen gir ei kort skriftleg grunngiving for val av tilbydarar. Kommunen si avgjerd kan ikkje påklagast.

Framdrift

- | | |
|---|---------------------|
| ▪ <i>Frist for søknad om prekvalifisering</i> | <i>20. august</i> |
| ▪ <i>Prekvalifisering</i> | <i>veke 35 – 36</i> |
| ▪ <i>Konkurranseperiode</i> | <i>veke 41 – 48</i> |
| ▪ <i>Frist for spørsmål</i> | <i>15. oktober</i> |
| ▪ <i>Frist for innlevering av konkurransedokument</i> | <i>24. november</i> |
| ▪ <i>Evaluering av tilboda</i> | <i>veke 49 – 50</i> |

Søknad om prekvalifisering

Søknad kan sendast på e-post: samfunnsutvikling@ha.kommune.no som ordinær post til: Hå kommune, Rådhusgata 8, 4360 VARHAUG, eller leverast i servicetorget på rådhuset med same adresse.

Merk søknaden "Seniorbufellesskap"

Frist

Søknad om kvalifisering skal vera Hå kommune i hende innan: onsdag 20. august 2025 kl 12.00.

Hå kommune tek ikkje ansvar for eventuelle forsinkelsar i postgangen.

Synfaring

Tomtene er tilgjengelege for synfaring på eigahand. Kommunen sine kontaktpersonar kan delta på synfaring dersom det er ynskjeleg.

Kontaktpersonar i Hå kommune

Ole von Erpecom Vikse, plansjef

Tlf: 46 50 40 63

E-post: ovi@ha.kommune.no

Tor-Eivind Eie Fagereng, kommuneplanleggjar

Tlf: 92 16 90 30

E-post: tfag@ha.kommune.no

Vedlegg

- *Faktaark - tomter til seniorbufellesskap*
- *Utkast til konkurransegrunnlag*